

# KVALITETSPLAN FOR BARN OG UNGE

vedtak 32/2019



Vanylven kommune

19.03.2019

Kommunestyret handsama i møte den 19.03.2019 – sak 32/2019. Følgjande vedtak vart fatta:  
Plan for barn og unge blir godkjent slik den ligg føre.  
Handlingsplan for skuleåret 2019/2020 vert vedteken slik den ligg føre.

27.11.2018

Formannskapet handsama i møte den 27.11.2018 – sak 168/2018. Følgjande vedtak vart fatta:  
Utkast til kvalitetsplan for barn og unge i Vanylven kommune godkjennast for utsending til høyring. Høyringsfristen  
settas til 11.01.2019.

22.10.2018

Livsløpsutvalet handsama i møte den 22.10.2018 – sak 145/2018.  
Arbeidsmøte kvalitetsplan for barn og unge. Det vart ikkje fatta vedtak.

03.10.2018

Livsløpsutvalet handsama i møte den 03.10.2018 – sak 40/2018.  
Kommunalsjef Frode Vik og pedagogisk konsulent Sølvi Erviksæter Sjøstad orienterte om planen.  
Utvalet var samde om at ein treng meir tid. Det vert difor eit ekstra møte 22. oktober. Vedtak vart ikkje fatta.

24.01.2018

Livsløpsutvalet handsama i møte den 24.01.2018 – sak 08/2018. Følgjande vedtak vart fatta:  
Livsløpsutvalet er styringsgruppa for arbeidet med kvalitetsplan for barn og unge.  
Livsløpsutvalet vel ut fire representantar som skal sitte i arbeidsgrupper for utarbeiding av kvalitetsplanen:  
Øystein Blom og Solveig Menes (Kultur- og oppvekst) Ottar Inge Rusten og Mona Stenersen (Helse- og omsorg).

30.08.2017

Livsløpsutvalet handsama i møte den 30.08.2017 – sak 29/2017. Følgjande vedtak vart fatta:  
Livsløpsutvalet deltek i utviklingsarbeidet i oppvekstsektoren.  
Livsløpsutvalet, administrasjonen og KS-K einast om tema for prosess i livsløpsutvalet  
på felles dialogmøte hausten 2017.


# OVERSIKT

<b>Forord</b>	<b>4</b>
Formål	5
Verdigrunnlag	6
Frå ord til handling	7
Livsmeistring	8
Lærande organisasjon	9
Tverrfagleg tema	10
Berekraftig utvikling	11
Medborgarskap og demokrati	13
Språk, kommunikasjon og lesing	15
Digital kompetanse	16
Overordna mål og føringar	17
Kjelder	18

## Forord

Kvalitetsplan for barn og unge er eit styringsdokument mellom nasjonale føringar, kommuneplan og einingane sine verksemdsplanar, samt andre planar som rettar seg mot målgruppa barn og unge. Kvalitetsplanen skal peike på kva for retning tenestane for barn og unge skal bevege seg i. Planen skal sørge for at tenestene våre støtter opp under at barn og unge opplever livsmestring både no og seinare i liva sine. Kvalitetsplanen er eit levande arbeidsdokument som skal nyttast på alle nivå i oppvekstsektoren.

Leiar for livsløpet og kommunalsjef for kultur og oppvekst varsla i desember 2017 at arbeidet med ein kvalitetsplan for barn og unge skulle startast opp. Planen femner om heile tenesteområdet for barn og unge. Gjennom heile 2018 har planarbeidet dreia seg om å setje i gang prosessar og dialogar mellom dei ulike aktørane som leverer teneste til, eller som er involverte i, oppveksten til barn og unge. Dette arbeidet har blitt styrt gjennom tett dialog mellom politisk styring og administrativ leiing. Planen er resultatet av innspela som har kome inn frå ulike aktørar i Vanylven kommune med nær tilknytning og ansvar for oppveksten til barn og unge.



Planen skal sørge for at alle i Vanylven kommune skal saman legg tilhøva best mogeleg til rette for born si meistring og utvikling. Digital- og sosial kompetanse i tillegg til språk, kommunikasjon og lesing vil vere viktige stilar i dette arbeidet. Dei vaksne i kommunen er sentrale aktørar i utvikling av lokalsamfunn, oppvekstmiljø og læringsmiljø. Støtte, stimulering og utvikling av vaksenrolla, både den profesjonelle og rolla som føresetn på ulike arenaer, er ein grunnleggjande føresetnad for at vi skal lukkast saman.

## Formål


FN sin barnekonvensjon slår fast at det er barnet sitt beste som er det sentrale prinsippet og retningsgivende for alle som arbeider med tilhøve rundt oppvekstvilkåra til barna våre. Barn og unge skal medverke i alle saker som angår dei. Viktige sentrale prinsipp er rett til utvikling, god omsorg, vern mot forsømmelse, vold og misbruk. Tenestene i oppvekst skal samhandle med familiane og andre aktørar til det beste for barn og unge.

Alle barn og unge skal ha likeverdige moglegheiter for å delta i samfunnslivet gjennom utdanning og seinare i arbeidsliv. Det er eit mål at vi ser heilskapleg på barn og unge sine behov knytt til opplæringsløp, og eventuelle behov for nødvendig hjelp og omsorg. Alle tenestene innan oppvekst skal legge til rette for livsmeistring, berekraftig utvikling og medborgarskap.

Eit heilskapleg syn på barn og unge skal ligge til grunn for organisering av helse-, kultur- og oppvekstsektor. Ressursane skal spissast mot tidleg innsats og førebyggjande tiltak. Kunnskap og kapasitet gir rett tiltak til rett tid. Organisering av oppvekst skal legge til rette for å motverke utanforskap, tilpassing til ulike føresetnader, sikre likeverdige og koordinerte tenester og gode samanhengar mellom dei ulike tenestene.

Formålet med tenestene:

- ✓ Alle barn og unge skal oppleve å bli verdsatt og inkludert.
- ✓ Alle barn og unge skal oppleve likeverdige moglegheiter for utvikling, læring og meistring.
- ✓ Alle barn og unge skal oppleve tidleg innsats og læring som motverkar utanforskap og rustar dei for framtida.
- ✓ Alle barn og unge skal vere og oppleve å vere eit individ i eit raust og deltakande lokalsamfunnet.




## Verdigrunnet vårt

Vanylven kommune sin visjon:

*Vanylven skal vere blant Norges fremste miljøkommunar i vidaste forstand, med fokus på trivsel, vekst og berekraftig utvikling.*

*Vi skal legge til rette for nytenking og innovasjon i næringslivet, eit bumiljø som skaper trivsel og samhold, kompakte og trygge tettstader, infrastruktur for eit aktivt kulturliv og friluftsliv, og eit tilfredsstillande og effektivt tenestetilbod*

Vanylven kommune sine verdier:




KUOP sin visjon :

I Vanylven kommune skal barn og unge vekse opp i tryggleik og trivsel. Med tid og omsorg skal dei ta til seg kunnskap, lære om livet og verte gode medmenneske.

Kultur og oppvekst sin visjon peikar på danning gjennom tryggleik og trivsel, og utdanning gjennom læring, leik og meistring. Danning handlar om ein personleg, livslang prosess og ein aktiv og medviten tilhøve til omgjevnadane der ein gjensidig påverkar kvarandre. Utdanning inneber at barn og unge utviklar ferdigheiter sjølve og i lag med andre.

## Frå ord til handling - prosessarbeidet

Endringar som påverkar alle dei tilsette si forståing og utøving av praksis krev lokale prosessar og tek tid. Det blir ekstra spennande når vi ønskjer å få heile Vanylven kommune med i endringsarbeidet. For å lukkast valte vi å involvere både skule, barnehage, politikarar, tillitsvalte, ungdom, foreldre og næringsliv og denne arbeidsmetoden gjer vår plan spesiell for Vanylven kommune. I tillegg til å involvere breidt vil planen hjelpe Vanylven kommune å arbeide med dei nasjonale føringane om framtida.






## Livsmeistring

Ei av dei viktigaste oppgåvene vi som kommune og «landsby» har er å skape trygge og gode oppvekstvilkår for barn og unge. Eit godt fundament for å meistre både oppvekst og livet vidare vil kanskje føre til at fleire som flyttar ut frå kommunen vel å flytte tilbake.



Livsmeistring handlar om ei positiv muligheit for å oppleve meistring, utforske det ukjente, handtere endringar, kunne overvinne frykt og få ei kjensle av å ha lykkast med det ein held på med.



Samtidig er livsmeistringsomgrepet også sentralt i forhold til dei erfaringane barn og unge får når dei møter motgang eller utfordringar i liva sine. I denne samanhengen handlar livsmeistring om å inneha både ferdigheiter og kunnskapar til å handtere både dei positive og negative aspekta ved livet på best mogleg måte.





## Lærande organisasjon

Kultur og oppvekstsektoren i Vanylven kommune skal arbeide som ein lærande organisasjon.

Kjenneteikn på ein lærande organisasjon er :

Lærande organisasjon er noko ein gjer.


Vi kan korkje informere, forkynne, kjefta eller vedta utvikling.

Ein lærande organisasjon er ikkje noko ein blir.

Lærande organisasjon er noko ein gjer.

- en organisasjon som utviklar, forvaltar og ter i bruk sin kunnskap og menneskelege ressursar slik at verksemda totalt blir i stand til å meistre daglege utfordringar og etablere ny praksis når det er nødvendig.

- å legge til rette for at ein organisasjon kan arbeide som lærande er eit leiaransvar. Det må arbeidast systematisk over tid med å legge til rette for dette. Peter Senge sin teori om lærande organisasjonar er ein teori vi ønsker å bruke.



### **Senges 5 "disipliner"**

• Senge's utviklingsprogram for ledere og lærande organisasjonar baserer seg på 5 "disipliner":

- 1: Personlig mestring
- 2: Mentale modeller
- 3: Felles visjon
- 4: Teamlæring
- 5: Systemtenking

Lederens hovedoppgave: *Å utvikle en lærende organisasjon*

## Tverrfaglege tema

Plan for barn og unge er bygd opp rundt desse tre tverrfaglege områda, henta frå ny overordna del for skule og ny rammeplan for barnehagen.


- Folkehelse og livsmeistring
- Demokrati og medborgarskap
- Berekraftig utvikling

### Folkehelse og livsmeistring

Folkehelse og livsmeistring skal gje barn og unge kompetansar som fremja god psykisk og fysisk helse, og som gir moglegheiter til å ta ansvarlege livsval. I barne- og ungdomsåra er utvikling av et positivt sjølvbilde og ein trygg identitet særlig avgjerande.

Et samfunn som legger til rette for gode helseval hos den enkelte, har stor betydning for folkehelsa. Livsmestring dreier seg også om å kunne forstå og å kunne påverke faktorar som har betydning for meistre eigne liv. Barn og unge skal kunne meistre medgang og motgang, personlige og praktiske utfordringar på en best mulig måte.

I barnehagen er arbeidet med lokal rammeplan godt i gang. Figuren viser korleis barnehagen tenker at kompetansar heng saman.



## Berekraftig utvikling

Barn og unge skal takle dei utfordringar som er i dag og som kjem i morgon. Vår felles framtid er avhengig av at neste generasjon tek vare på jordkloda vår.

Globale klimaendringar, forureining og tap av biologisk mangfald er av dei største miljøtrugslane i verda. Desse utfordringane må vi samarbeide om å løyse. Vi treng kunnskap, etisk medvite og teknologisk innovasjon for å finne løysningar og gjøre naudsynte endringar i måten vi lever på for å ta vare på livet på jorda.



Barnehagane og skulane i Vanylven vil bryte ned omgrepet bærekraft i lokale planer. Gjennom opplæring vil barn og ungdom få kunnskap om og utvikle respekt for naturen. Dei skal få oppleve naturen og sjå den som ei kjelde til nytte, glede, helse og læring.

## Berekraftig utvikling handlar også om:

- Verne livet på jorda og å ta vare på behova til menneske som lever i dag utan å øydelegge for framtida sine generasjonar.

- Forståing av samanhengen mellom sosiale, økonomiske og miljømessige tilhøve

-Vårt levesett og ressursbruk har konsekvensar lokalt, regionalt og globalt.

Teknologi er ein naturleg del av omgrepet berekraftig utvikling. Vi ser tydeleg korleis digitale ressursar og verktøy endrar arbeidsformer og roller i barnehage og skule.

- Teknologisk kompetanse: kan løyse problem, men og skape nye.
- Kunnskap om teknologi: forståing av kva dilemma som kan oppstå ved bruk av teknologi og korleis handtere dette.

Vi kan synleggjere korleis barnet står i sentrum av læring i større grad med at:

- barnet er med på å planlegge og gjennomføre innhaldet i dagen.
- barnet er aktive og utforskande produsentar.
- barnet øver på sjølvregulering i samhandling og i eige arbeid.


Teknologiutvikling og automatisering har erstatta mange rutineoppgåver og arbeidsstadar forsvinn. Dette tyder på at kunnskap og evne til å omstille seg blir meir og meir viktig, både for arbeidstakarar og for næringslivet.



World Economic Forum stipulerer at 65 % av dei barna som startar på skulen i dag kjem til å arbeide i yrker vi ikkje har i dag. Det teknologiskiftet vi har i dag blir ofte kalla for den fjerde industrielle revolusjonen og det vil endre arbeidsmarknaden for alle.

Berekraftig utvikling handlar også om korleis ein legg til rette for berekraft i folketal og næringslivet i Vanylven kommune.

## Medborgarskap og demokrati



Det å vere ein deltakar i samfunnet vil seie å respektere og å slutte opp om grunnleggande demokratiske verdiar som gjensidig respekt, toleranse, den einskilde si tru, ytringsfridom og frie val. Desse demokratiske verdiane må fremjast gjennom aktiv deltaking i heile opplæringsløpet

Gjennom demokratisk deltaking vil barn oppleve å få bidra og medverke i kvardagen, uavhengig av kommunikasjonsevner og språklege ferdigheiter. Barn og unge sine synspunkt skal leggast vekt på i samsvar med alder og modning. Barn og unge skal ikkje ha ansvar dei ikkje er rusta til å ta.

Opplæring skal gi barn og ungdom kunnskap og ferdigheit til å møte utfordringar i tråd med demokratiske prinsipp. Dei skal forstå dilemma som ligg i det å godta fleirtalet sin rett og mindretalet sin rett. Barn og ungdom skal øve opp evna til å tenke kritisk, lære seg å handtere meiningsbrytning og respektere ueinigheit. Gjennom dette arbeidet skal barn og ungdom lære kvifor demokratiet ikkje kan takast for gitt, og at det må utviklast og vedlikehaldas.



Trygge læringsmiljø må utviklast og oppretthaldast av tydelege og omsorgsfulle vaksne, i samarbeid med barn og unge. Politikarane, dei tilsette, har saman med forelda, barn og ungdom, ansvar for å fremje helse, trivsel og læring, og for å førebygge mobbing og krenking.



Mangfald er ein ressurs i arbeidet med å utvikle inkluderande og inspirerande læringsmiljø. Danning skjer i samspel med verden rundt seg. Det er ein prosess gjennom heile livet, som mellom anna handlar om å utvikle evner til å reflektere over eigne handlingar og veremåte og konsekvensar.



Maria Parr  
57 mins · 🌐




I dag vil eg slå eit slag for barnehagane. I barnehagen held ein hender to og to, på kryss og tvers og same kven ein er. I barnehagen går små fine og fordomsfrie menneske med store kjensler og enormt engasjement. Dei leikar med kvarandre, dei lærer av kvarandre og når livet er urettferdig og trehjulssyklane er for få, når alle vil vere sjef og ingen vil forstå, då ropar dei til kvarandre. Somme tider kan dei til og med skubbe, og til og med slå, medan tårene renn og grusen fyk og verda er ein urettferdig stad. Men i barnehagen stoppar det ikkje der. I barnehagen skal ein vere saman kvar dag, same kor forskjellige ein er. Og alle som har sett ein forgreten toåring med snørr og grus i ansiktet seie "usyld" og gi klem til den som nettopp vart skubba og er like forgreten, dei veit korleis det skal gjerast. For neste dag skal dei halde hender igjen. Alle saman.

Vi er mange som kunne lært litt av livet i barnehagen.

Sosial kompetanse er:

- ✓ ein føresetnad for verdsetting, venskap og sosial integrering
- ✓ ein ressurs for å kunne meistre stress og problem/utfordringar
- ✓ ein viktig faktor for å motverke utvikling av problemåferd



Barn og unge stiller sosiale krav til kvarandre. Å være sosialt kompetent i forhold til jamn aldrande handlar om å meistre og kunne tilpasse seg bestemte miljø med sosiale verdiar, krav og normer på lik linje med det som finn i sosiale miljø mellom vaksne.

Vanylven kommune skal bidra til at barn og unge utviklar sosiale kompetanse, empati og respekt for andre, samt evne til å samarbeide og samhandle. Dei skal få erfare at samhandling og deltaking ikkje berre er basert på å hevde seg sjølv og sine egne synspunkt, men at det er tufta på gjensidig respekt. Det må vere god kvalitet i dei miljø der barn og unge er i. Det må arbeidast systematisk i dei ulike psykososiale støttesystem som høyrer til barn og unge.



- |                               |                             |                             |
|-------------------------------|-----------------------------|-----------------------------|
| -Teke initiativ               | -lytta til andre            | -utfolda seg                |
| -vore ein del av fellesskapet | -øvd på å løyse konflikhtar | -gitt og tatt               |
| -opplevd empati               | -opplevd venskap            | -utfolda seg                |
| -opplevd latter og glede      | -auka konsentrasjonen       | -vore nysgjerrig            |
| -blitt utfordra               | -lært om reglar             | -opplevd motgang og små tap |
| -bygd sjølvtilitt             | -brukt fantasien            | -teke ansvar                |
| -vore eit barn                | -kjenne mestring            | -trena tolmod               |
| -opplevd samhald              | -fått lede og blitt leia    | -lært om egne grenser       |
|                               |                             | - øvd på turtaking          |




## Språk, kommunikasjon og lesing

Småbarnsalder er den grunnleggande perioden for utvikling av språket. Alle barn må lære seg hjartespråket som er eit morsmål der barn kan uttrykke kjensler og opplevingar. Språket er eit reiskap for tenking, samarbeid og læring og må ligge til grunn for å kunne lære å lese.

Å utvikle eit språk er noko av det viktigaste som skjer i eit barn si utvikling og i eit barn sitt liv.

Språkstimulering skal prege alt samspel vi har med barna.

Språkkompetanse har 8 områder:



Det å meistre lesing av ulike tekst er med på å gi barn og unge eit godt grunnlag for å meistre skulefag og til å oppleve meistring i fag og utvikling. Leselyst kjem ikkje av seg sjølv, den må stimulerast.

Høgtlesing for barn og gode samtalar om bøkene innlemmar barna i skriftspråkkulturen og støtter barnas omgrepsutvikling og den gryande lesekompetansen. Lesing kan definerast som å skape meining frå tekst, og inneheld av ferdigheitsområda førebu, utføre og bearbeide, finne, tolke og samanfatte, reflektere og vurdere.



## Digital kompetanse

Digitale ferdigheter er ein viktig føresetnad for vidare læring og for aktiv deltaking i eit arbeidsliv og eit samfunn i stadig endring. Den digitale utviklinga har endra mange av premissene for lesing, skrivning, rekning og munnlege uttryksformer. Dette gir moglegheiter for nye og endrande læringsprosessar og arbeidsmetodar, men stiller også auka krav til dømmekraft.




Alle har behov for venter, å høyre til og vere io eit fellesskap. Slike sosiale omgangar og relasjonar tek nye former i det digitale

samfunnet. Digitale ferdigheiter er integrert i alle fag og forståast som å tileigne seg og behandle, å produsere og omarbeide, å kommunisere og digital dømmekraft.

Ludvigsen-utvalet løftar digital kompetanse både som ein tverrfaglig kompetanse, og som ein del av fagkompetansen i mange fag. Bruk av IKT i barnehagen skal støtte opp om barna sine læreprosessar og bidra til å oppfylle rammeplanen sine føringar for eit rikt og allsidig læringsmiljø for alle barn. Å være ein kritisk og reflektert IKT-brukar i ei digital verd er ein heilt sentral kompetanse i dagens samfunn og må være eit perspektiv som følger barnehagen sitt arbeid.

### Digitalisering i KUOP

- Dei kommunale barnehagane har tilgang til Ipad og digital tavle
- Alle elevar frå 1.-4.trinn har tilgang til Ipad
- Alle elevar frå 5.-10.trinn har tilgang på PC
- Digitale tavler på klasserommet
- Felles pedagogisk plattform: Pedit
- Planlegg:
  - ✓ Digital meldebok i skulen
  - ✓ Digitale læremiddel
  - ✓ Administrasjonssystem



## Overordna politisk mål og føring

### Overordna politisk mål

Trygge arena og lokalsamfunn der barn og unge opplever å få hjelp, respekt og å meistre. At dei går ut med innhald i ryggsekken som gjer at dei gjennom meistring og medverknad har forståing, empati og respekt for kvarandre.

Samhald, røter skaper ein vi- kultur

= det trengst ein landsby å oppdra eit barn.

## Politiske føringar for å nå målet

### Felles fokus på sosial kompetanse:

- folkeskikk, oppførsel
- ta vare på kvarandre

### Systematisk arbeid mot utanforskap og mobbing:

- nullvisjon mot fråfall og mobbing
- kjenne seg trygge, bli sett og verdsett

### Barnet i sentrum for læring og meistring:

- inkluderande
- tilrettelegging

### Gode samanhengar og dialogarena rundt tenestane våre.

- tett samarbeid mellom barnehage, skule, politisk miljø.
- godt samarbeid, meir involvering mellom skule/ barnehage – heim

### Foreldrerollen, tett dialog:





- skape haldningar for at alle foreldra er delaktig.
- kjenne seg trygge, bli sett og verdsett.
- godt samarbeid, involvering heim – skule/barnehage

### Styringsdialog og rolleavklaring:

- kva er politikarane sine oppgåver. Kva er fagmiljøet sine oppgåver.
- ikkje på individnivå.



Kjelder:



Illustrasjonen er henta frå:  
[https://www.fhi.no/globalassets/dokumenterfiler/rapporter/2018/barn\\_og\\_unges\\_psykiske\\_helse\\_forebyggende.pdf](https://www.fhi.no/globalassets/dokumenterfiler/rapporter/2018/barn_og_unges_psykiske_helse_forebyggende.pdf)